

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

**Vår dato:** 07.07.2022

**Vår ref.:** 202211253-2 Oppgi ved kontakt

**Dykkar ref.:**

Sakshandsamar

George Nicholas Nelson

genn@nve.no

## **Høyring av søknad om konsesjon for bygging av Mauranger 2 kraftverk med overføringar, Kvinnherad kommune i Vestland**

NVE har motteke søknad frå Statkraft Energi om bygging av Mauranger 2 kraftverk i Kvinnherad kommune.

### **Kva søknaden gjeld**

På grunn av uvisse om framtidig nettkapasitet søker Statkraft om to alternativ:

Alternativ 1. Bygging av Mauranger 2 kraftverk med eit aggregat 1 på 315 MW, inntak i Blådalsvatnet og tre bekkeinntak inn til ein ny sprengt tunnel mellom Juklavatn og dagens tappetunnel ved Blådalen. I tillegg kjem regulering av Midtra Kvitnadalsvatn med 1 m, og bygging av Blådal pumpestasjon på 3 MW.

### Alternativ 2.

- Trinn 1: Som alt. 1, men kraftstasjon og vassveg blir førebudd med større utsprenging slik at aggregat 2 kan installerast seinare.
- Trinn 2: Installasjon av aggregat 2 på 315 MW i Mauranger 2. I tillegg kjem bygging av Svartedal pumpestasjon på 40 MW.

Alternativ 2 føreset ei nettutviding. Statkraft Energi søker primært om alternativ 2, subsidiært alternativ 1. Samla effekt og produksjon for alternativ 2 vil bli høvesvis 630 MW og 70-80 GWh.

Søknaden omfattar ei ca. 2 km lang luftlinje frå lukehus v/Svartedalsvatn til Blådal pumpe, og ein ca. 3 km lang jordkabel frå Mauranger 2 kraftverk til nytt brytarfelt i koplingsanlegget ved Mauranger. Statkraft søker også om samtykke til ekspropriasjon av nødvendige areal og retter, og om førehandstiltreding dersom dei ikkje oppnår minneleg avtale med rettshavar.

Konsesjonssøknaden kap. 2.8 gjev ei komplett oversikt over kva, og etter kva for lover, Statkraft søker om.



## Høyring

Statkraft sitt søknadsbrev, konsesjonssøknaden og ein konsekvensutgreiingsrapport (KU-rapport) er tilgjengelege på saka si nettside [www.nve.no/8842/V](http://www.nve.no/8842/V). Konsesjonssøknaden inneheld eit utdrag av KU-rapporten. Søknaden skal handsamast etter reglane i vassdragsreguleringslova § 12, og blir kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

Om høyringspartane ønskjer ein papirversjon av søknaden kan dei kontakte Anders Korvald på e-post [anders.korvald@statkraft.com](mailto:anders.korvald@statkraft.com) eller tlf. 958 56 207.

Vi viser elles til vedlagd informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå søknaden blir sendt på høyring og fram til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva vi ønskjer tilbakemelding på. Vi ber Statsforvaltaren gjere ei konkret vurdering av om tiltaket treng konsesjon etter forureiningslova for både anleggsfasen og driftsfasen.

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på ein av følgjande måtar:

- via søknadens internettside [www.nve.no/8842/V](http://www.nve.no/8842/V)
- via e-post til [uttalelse@nve.no](mailto:uttalelse@nve.no) (merk e-post med «Fråsegn» og saksnummer 202211253 i emnefeltet, og gi opp namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

Fristen for å sende fråsegner er **25. november 2022**.

Vi ber Kvinnherad og Ullensvang kommunar om å kunngjere saka på sine heimesider. Vi ber også om at to eksemplar av konsesjonssøknaden blir lagt ut til offentleg gjennomsyn i høvesvis Rådhuset og Innbyggjerservice fram til høyringsfristen (25. november 2022). Det eine eksemplaret kan om naudsynt lånast ut for kortare tid (2- 3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Fråsegner eller delar av fråsegner vil bli referert i innstillinga i saka frå NVE til Olje- og energidepartementet (OED). Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det er utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette. Fråsegner er offentlege dokument. Sentrale saksdokument blir lagt ut på NVE sine internettsider.

Med hilsen

Brit Toril Haugen  
seniorrådgivar

George Nicholas Nelson  
senioringeniør

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

**Mottakarliste:**

Havforskningsinstituttet  
STIFTELSEN NORGES GEOTEKNISKE INSTITUTT  
STATENS VEGVESEN  
Norges Jeger- og Fiskerforbund  
Norges Bondelag  
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard  
Norges Padleforbund  
KVINNHERAD KOMMUNE  
STATNETT SF  
MILJØDIREKTORATET  
Kystverket Vest  
Norske Lakseelver  
BKK NETT AS  
Sabima Samarbeidsrådet For Biologisk Mangfold  
Bergen og Hordaland Turlag  
Fiskeridirektoratet Region Vest  
WWF Norge AS  
KVINNHERAD TURLAG  
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV HORDALAND  
Friluftsrådet Vest  
Kvinnherad Jeger og Sportsfiskarlag  
Fortidsminneforeningen i Hordaland  
Norsk Ornitologisk Forening avd. Hordaland  
Norsk Grotteforbund  
FAGNE AS  
Mattilsynet Region Sør og Vest  
Norsk Friluftsliv  
INDRE HORDALAND KRAFTNETT AS  
STATSFORVALTAREN I VESTLAND  
VESTLAND FYLKESKOMMUNE  
VESTLAND FYLKESKOMMUNE - Kari Bjørndal  
ULLENSVANG KOMMUNE  
Bergens Sjøfartsmuseum

**Kopimottakarliste:**

Olje- og energidepartementet  
STATKRAFT ENERGI AS  
NHO Reiseliv Region Vest-Norge